

Til Norges Vassdrags- og Energidirektorat

Skien 16.10.2018

Nasjonal ramme for vindkraft – Innspel frå DNT Telemark

OED har gjeve NVE i oppdrag å utarbeide eit kunnskapsgrunnlag om verknader av landbasert vindkraft. Utifrå kart over potensielle utbyggingsområde er vi oppfordra til å kommentere analyseareala i vårt fylke med tanke på friluftsliv og naturopplevelse

Vi konstaterar at Norge er inne i ei rivande utvikling når det gjeld fornybar energi, og at vindkraft så langt ser ut til å ha størst fokus, samanlikna med solenergi. Landet har alt mange vindmøller til sjøs, og nå står landbaserte vindmølleparkar for tur. Mange utbyggarar har alt fått konsesjon på utbygging (Vindportalen.no)

Utenlandske investorar viser interesse, og det norske vindkraftselskapet Zephyr har nå selt vindmølleparkane Tellenes og Guleslettene, til verdas største kapitalforvaltar og investor i fornybar energi, amerikanske BlackRock (Zephyr.no) Vindkraftparkar på land vil naturleg nok få langt større konsekvensar for friluftsliv og gode naturopplevingar, sidan naturinngrepa er enorme. Parkane må i høve til effekten av vind primært ligge over tregrensa, der det frå før er liten/ingen utbygging. I tillegg kjem vegar mellom vindmøllene og anleggsvegar inn i området. Norsk «villmark» (definert som min fem km frå næraste tekniske inngrep i naturen) krympar. Kart fra 1900 og fram til i dag viser at kun 12% av norsk natur kan definerast som villmark i dag, og presset aukar (Miljødirektoratet, INON, Miljøstatus.no). Vindmølleparkar vil føre til at desse områda vert ytterlegare redusert. I tillegg vil vindmøller i høgfjellsnatur øydelegge den dokumenterte verdien av stillhet, som alt nå er mangelvare.

NVE sine analyseområde i Telemark omfattar stort sett alle fjellområda i fylket: Lifjell/ Mælefjell, Skorve, Gaustatoppenområdet, delar av Blefjell, Sauheradjella, Skrim, Nissedal/Treungen, Vrådal, Fyresdal og Brattefjell/Vindeggen. Alle desse områda er svært attraktive turområde både for lokale innbyggarar og også som ein viktig faktor i markedsføring av kommunane. DNT Telemark sine dugnadsfolk har merkt milevis av stiar av ulik lengde og vanskeleghetsgrad i desse områda som i stor grad er uberørte. Særleg er toppsturane populære. DNT Telemark har 20 hytter i ulike delar av fylket, både betjente og ubetjente/sjølvetjente på Lifjell, i Fyresdal, Gaustaområdet og i Sauheradjella.

Store delar av Sauheradsfjella og Skrim er definert som naturreservat. Fjellområdet er eit populært utfartsområde for store delar av befolkningen på Østlandet. Området grensar til dei store byane i Telemark, Vestfold og Buskerud, og er for mange eit nært og kjært høgfjellsområde for friluftsliv, jakt, fiske og rekreasjon. DNT Telemark, DNT Buskerud og DNT Vestfold har eit

stort nettvek av ruter og hytter i området som er mykje nytta. Mange av områda har merka og preparerte skiløyper vinterstid.

Det vil vere ein alvorleg forringelse for friluftslivet og naturopplevingane i Telemark dersom ein eller fleire vindmølleparkar vert oppretta i fylket.

Når det gjeld Brattefjell/Vindeggen vil vi også understreke at dette er eit landskapsvernområde sidan 2000 og er det største samanhengande fjellområdet i Telemark, utanom Hardangervidda, utan vesentlege tekniske inngrep:

«Føremålet med å verne Brattefjell-Vindeggen er å ta vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap med urørt høgfell og fjellskogområde, ta vare på det biologiske mangfaldet i området med villreinstamme og eit rikt plante- og dyreliv, og å ta vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne» (Nasjonmalparkstyre.no).



DNT Telemark ser positivt på fornybare energiløysingar, men er negative til den raske utbygginga av vindkraft dette ser ut til å ha fått. Uoppretteleg øydelegging av natur er tydeleg dokumentert gjennom bilder fra ulike utbyggingar på land, eks Tellenes i Rogaland (foto Sveinung Vågene)

Telemark har fra før mange store vasskraftutbyggingar som har ført til store inngrep i naturen. DNT Telemark vil påpeike at sjølv om energien er fornybar er det viktig å minne om at **dei store inngrepa i naturen ikkje lar seg fornye.**

Vi stiller oss bak resolusjonen fra DNT's landsmøte, juni 2018 (vedlagt), der ein ber regjeringa stanse arbeidet med Nasjonal ramme for vindkraft på land, og etterlyser ein heilhetleg plan for utbygging av vindkraft. Vi ynskjer ein omstart i arbeidet med innhenting av meir fagkunnskap og innspel fra lokalbefolkningen, der natur-og friluftslivinteressene blir tatt vare på.

Skien 16. oktober 2018



Kai Eggesvik
Styreleiar DNT Telemark



Jon Atle Holmberg
Dagleg leiar

Vedlegg 1: Resolusjon fra DNTs landsmøte 9. juni 2018.

Den Norske Turistforening, samlet til landsmøte i Oslo 9. juni 2018, ber regjeringen stanse arbeidet med Nasjonal ramme for vindkraft på land. Arbeidet må startes på nytt med medvirkningsmuligheter for befolkningen og nødvendige utredninger. Viktige verdier for friluftsliv og natur trues nå av tilrettelegging for en betydelig mengde ny vindkraftutbygging.

DNT støtter fornybare energiløsninger. Nasjonal ramme for vindkraft legger opp til en for stor mengde ny utbygging. Vindkraftutbygging på land må skje innenfor akseptable og sterkt avgrensede rammer ut i fra en helhetlig og nasjonal strategi. Det må sikres at det nødvendige kunnskapsgrunnlaget er på plass, og at samlede virkninger er tilstrekkelig utredet. Fristen for ferdigstilling av arbeidet må forlenges.

Vi minner om at det allerede er tildelt betydelig flere vindkraftkonsesjoner enn noen forutså da støtteordningen for fornybarkraft (elsertifikatorordningen) ble opprettet. Vi opplever nå en økt grad av utenlandske investeringer i urealiserte vindkraftkonsesjoner, som bidrar til en økt utbyggingstakt.

Et vindkraftanlegg består av alt fra noen få til flere titalls vindturbiner, med totalhøyde på rundt 200 meter. Det bygges om lag 800 m vei av store dimensjoner pr. vindturbin. Tilrettelegging for en betydelig mengde ny vindkraft kan medføre vindkraftanlegg med et samlet planareal tilsvarende Vestfold fylke, og store veianlegg tilsvarende to ganger Norge på langs i luftlinje.

Klimaendringene og tap av naturmangfold er vår tids to store utfordringer. Derfor vil DNT være en pådriver for en bærekraftig samfunnsutvikling, og vil fokusere på de positive mulighetene:

- *Det eksisterer fornybaralternativer til omfattende vindkraftutbygging på land. De mest miljø- og naturvennlige fornybarteknologiene må alltid velges.*
- *Det må utarbeides en nasjonal landskapsstrategi.*
- *Vi må sikre en areal- og ressursbruk som tar hensyn til naturens tåleevne.*
- *Vi må benytte oss av potensialet for økt grad av energieffektivisering, energisparing og energigjenvinning uten behov for omfattende naturinngrep.*
- *Metoder og systemer for å ivareta naturens goder og verdisetting av urørt natur må utvikles og benyttes.*

Da DNT ble stiftet for 150 år siden var over halvparten av Norges arealer villmarkspreget natur. I dag er andelen under 12 prosent. Nå må regjeringen sørge for at vi tar vare på den norske naturen, slik at også nye generasjoner kan glede seg over gode friluftsopplevelser.